

Omfamnar norsk krim og norsk ved

Tyskarane har kjøpt over ein million norske krimbøker, og no tek dei norsk ved med på kjøpet.

LITTERATUR

OTTAR FYLLINGSNES

ottar@dagogtid.no

Så langt har Jo Nesbø selt over ein million krimbøker i Tyskland, og den siste, *Koma*, har kome i 130.000 eksemplar.

I desse dagar er omsetjaren, Günther Frauenlob, i ferd med å få på plass dei siste sidene i Nesbøs siste – *Sønnen*. Romanen kjem på tysk til hausten, men denne veka tok Frauenlob seg nokre dagar fri for å delta internasjonale omsetjarseminaret som Norla arrangerte på Holmen Fjordhotell like utanfor Oslo.

Der deltok kring 150 omsetjarar frå førti land, og det var rekord. Aldri tidlegare har så mange omsetjarar av norsk litteratur vore samla.

Tyskland er eit svært viktig land for den norske litteraturen og har i mange år fungert som ein port for litteratur som vil vidare ut i verda. Nærare eit tital av omsetjarane kom frå Tyskland, men det var Polen som hadde flest deltakarar på konferansen, som var finansiert av Utanriksdepartementet.

TOPP I SVEITS

Günther Frauenlob kom dit saman med Frank Zuber for å tala om braksuksessen *Hel ved*, som

Lars Mytting gav ut her i landet for nesten tre år sidan. Så langt er boka trykt i 180.000 eksemplar i Noreg og 60.000 i Sverige. Dessutan har ho kome ut i Danmark, Finland og Estland, og til hausten skal ho gjevast ut i England og USA.

Vedboka hadde tysk lansering på bokmessa i Leipzig i mars, og responsen var svært god.

– Eg har aldri opplevd så store køar etter ei opplesing, og boka

– Interesse for norsk

litteratur har minka i

Tyskland.

Günther Frauenlob, omsetjar

var utsett på messeområdet den første dagen. No ligg ho på 9. plass på bestseljarlista i Sveits. I Tyskland byrja ho på 35. plass, men heile førsteopplaget vart selt. Dermed fall boka ut av lista, men kom inn att. Så langt er det selt 10.000 bøker i Tyskland, og no er boka trykt i sitt tredje opplag, fortel omsetjarane.

Ho har fått mykje merk-

semd, og Frankfurter Allgemeine brukte ei heil side på henne på utgjevingdagen.

Den tyske utgåva av boka er illustrert med ein mann med øks og tømmerstokk på framsida. Når Frank Zuber hentar fram ei bok frå tredjeopplaget denne veka, vert han overraska over baksideteksten. For ei setning er borte – den som sa at dette var «den beste gåva for menn som har alt».

Då svenske Aftonbladet melde boka, brukte dei tittelen «En kändsloventil för Clas Ohlson-männan». Ei tysk avis skreiv at det var ei «blanding av vedkunnskap og eldromantikk med hang til skogskitsch».

FYRINGSVANAR

Dei to omsetjarane strekar under at det er populært å bruka ved i store delar av Tyskland.

– Men det er kanskje ikkje så mange som kan bruka veden på rett vis. Skjer det, er vedfyring svært miljøvenleg, og viss ikkje er det omvendt, seier Zuber.

– Eg har i alle fall endra på fyringsvanane mine etter å ha lese boka, og no fungerer det betre, legg Frauenlob til.

Og begge forsikrar at dei hadde handtert både sag, øks og motorsag – før dei gav seg i kast med vedboka.

Trier-film om Detroit

Lars von Triers nye film får tittelen *Detroit*.

FILM

som
sky

g, seier Eva Bjerga
; utan ord.

szplate med namnet *Méli*
som ein vind med songar
rd. Førre veke møtte vi
eimbyen, der ho laurdag
ida, i makelaus duo med

teklinnikk i Stavanger der
rt under Nattjazz-festiva-
mmer kan alt skje, seier
ranger-kunstnar.

head Breistein saksofon,
stein Inge Brækhus trom-

entar i 2010 ved jazzlinja
12 er i utøvande musikk,
. Til studiet høyrer også
ar høyrte på hip hop og er
sten Theodor likar odde
ssisk bakgrunn. Tre tek-
l ein utan ord er det like-
urné på den musikalske
nter, og Skei Hotell i den
stadene.

nist med Kringkastings-
n?

kker, og det må ein vere
i reiste eg for å studere
i ta ein bachelor i fransk

CD-tekstar, men ikkje
rkt på omslaget. I musika-
listen Eva har aldri angra

n kom til finalen i Jazz-
vassisten frå Cirrus med.
ong Circus som mellom
afestivalen, og eg møtte
ian i Amigo Tom, saman

igo, franske chansons og
en trigga deg først, som

g Carmen McRae var dei
. Rosseland og Live Maria
låtane til pianisten Bill

ølv i jazzvokal og vokal-
t, men gjorde eit livsvik-

opne, utfordre seg sjølv